



Arly Tingvatn
Gullstølslien 6
5153 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2594 - 14/12165

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
10.11.2014

Søknad om reduserte gebyr - avslag

Delegasjonssak nr.: 273/2014

Saksutgreiing:

Artly Tingvatn har i e-post av 05.11.2014, på vegne av eigar av gnr. 93 bnr. 57, fremma klage over gebyr for deling og oppmåling av to hytteeigedomar på Fesøy.

Klagegrunnar

Klagen er grunngjeve i at det er rekna fullt gebyr for to saker. Vidare er det vist til at søker ikkje har fått informasjon om gebyr i forkant, og at summen er høg.

Klagar ber om at gebyret vert vurdert på nytt, og om mogleg vert fakturert etter medgått tid.

Rettsleg grunnlag og gebyrfastsetting

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste for Radøy kommune (gebyrregulativet) er vedteke med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og matrikelovva § 32, jf. matrikkelforskrifta § 16.

Plan- og bygningslova § 33-1:

«Kommunestyret selv kan gi forskrift om gebyr til kommunen for behandling av søknad om tillatelse, utferdigelse av kart og attester og for andre arbeid som det etter denne lov eller forskrift påhviler kommunen å utføre, herunder behandling av private planforslag. Gebyret skal ikke overstige kommunens nødvendige kostnader på sektoren. I gebyret kan det inkluderes utgifter til nødvendig bruk av sakkyndig bistand under tilsyn. Andelen av gebyr som innkreves for tilsyn skal framgå av regulativet.»

Matrikelovva § 32:

”Kommunen kan ta gebyr for oppmålingsforretning, matrikkelføring, utferding av

matrikelbrev og anna arbeid etter lova her etter regulativ fastsett av kommunestyret sjølv. Gebyra kan i sum ikkje vere høgare enn nødvendige kostnader kommunen har med slikt arbeid.”

Gebyr skal reknast etter det gebyrregulativ som galdt då saka kom inn, jf. gebyrregulativet pkt. 4.2. Gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2014 er lagt til grunn i saka.

Gebyr i saka er rekna etter gebyrregulativet pkt 11.1.2c, 13.1.1 og 13.1.2a:

Kode		Pr sak	Totalt
11.1.2c	Deling i samsvar med plan. Grenser ikkje i samsvar med plan.	5 300	10 600
13.1.1	Etablering av ny matrikkelleining - basisgebyr	10 500	21 000
13.1.2a	Fast arealtillegg for areal frå 201 til og med 3 000 kvm	13 800	27 600
	Tinglysing	525	1 050
	SUM	30 125	60 250

Gebyrregulativet 4.13 Klage:

«Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret.

Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Kommunal klagenemnd er klageinstans.

Gebyr som etter denne forskrifta er fastsett ved enkeltvedtak kan det klagast over i samsvar med forvaltningslova kap VI. Fylkesmannen er klageinstans.

Klage skal vere grunngjeven.»

Gebyrregulativet 4.3 Fastsetting av gebyr

«Kommunen kan velje å rekne gebyr etter medgått tid i staden for fast gebyr, der gebyr etter medgått tid overstig fast sats.»

Gebyrregulativet 4.12 Søknad om redusert gebyr

«Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn. Fastsetting av gebyret skal skje ved enkeltvedtak.»

Vurdering av klage

Saka er framma som ein klagesak.

Gebyr for dele- og oppmålings saker er fastsett ved forskrift. Det er etter forvaltningslova §§ 3, 28 og 40 ikkje høve til å klage over ein forskrift.

Det kan likevel klagast om klagar meiner at gebyr er rekna ut i frå feil punkt i forskrifta.

Det er i denne saka klagd med grunngjeving i storleiken på gebyret og at s kjer meiner   ikkje ha f tt informasjon om gebyret. Det fremg r direkte av pkt. 4.13 at det ikkje kan klagast over at det vert krevd gebyr og over storleiken p  gebyret. Det er difor kommunen sin vurdering at klagen ikkje kan handsamast, og vert   avvise.

Vurdering av s knad om redusert gebyr

Klagar har bede om ein ny vurdering av gebyr i saka, og om mogleg ein vurdering av gebyr etter medg tt tid. Kommunen handsamar difor saka som ein s knad om redusert gebyr.

Gebyrregulativet pkt. 4.3(8) Gebyr etter medg tt tid – gjeld der gebyr etter medg tt tid overstig fast sats. Pkt. 4.3 gjev ikkje heimel for   rekne gebyr etter medg tt tid for   fastsetje eit l gare gebyr enn fast sats.

Det f lgjer av gebyrregulativet pkt. 4.12 at det kan s kjast om redusert gebyr «*n r s rlege grunnar*» ligg f re.

Rad y kommune har ikkje politisk fastsette retningslinjer for fritak av gebyr. Det er heller ikkje andre rettskjelder som direkte kan rettlege kring omgrepet «*s rlege grunnar*» i h ve s knad om redusert gebyr, og kommunen m  difor st tte si vurdering p  rettskjelder knytt til omgrepet i andre h ve, til d mes den tidlegare f resegna i plan- og bygningslova   7 om dispensasjon. S rlege grunnar er eit juridisk omgrep og generelle tolkingar av omgrepet vil difor kunne gje rettlegging i saka.

Omgrepet s rlege grunnar er i rettslig teori og praksis tolka som at det m  liggje f re ei overvekt av omsyn som talar for   treffe vedtak som oms kt. Dei s rlege grunnar m  sj lvsagt ogs  liggje innaf r ramma av det lovverket som skal forvaltast. Grunnar som er generelle og kan gjelde for fleire er ikkje s rlege grunnar. Der det bare ligg f re grunnar som kan gjelde for fleire b r det av omsyn til presedens ikkje treffast positivt vedtak. Om det ligg f re s rlege grunnar er det likevel opp til kommune sitt frie skj nn   treffe avgjerd om det skal gjevast fritak for gebyr eller ikkje, jf omgrepet «*kan*» i gebyrregulativet pkt 4.12.

S knaden er grunngjeve i at det er ein h g sum for ein pensjonist, at s kjer ikkje har f tt informasjon om gebyret og at det er teke fullt gebyr for to saker.

S kjer sin  konomi er eit personleg tilh ve, som etter pkt. 4.12 ikkje kan tilleggast vekt i vurderinga.

Kommune legg til grunn at det er  lment kjent at oppm lingstenester er gebyrbelagt. Gebyrregulativet er tilgjengeleg p  kommunen sin nettside. S kjer har opplyst   ha vore i kontakt med planavdelinga n r det gjelder sp rsm l om gebyr. Det er ikkje opplyst at s kjer har vore i kontakt med oppm lingsavdelinga. Det er vanskeleg i ettertid   vurdere kva informasjon s kjer har f tt og burde ha f tt av kommune, og kva s kjer sj lv burde ha forst tt og burde ha skaffa seg kunnskap om. S kjer sin manglande kjennskap til storleiken p  gebyret er uansett eit tilh ve som ikkje kan tilleggast vekt i vurderinga av om det ligg f re s rlege grunnar for   treffe vedtak om redusert gebyr.

Kommunen legg vidare til grunn at kommunen med heimel i gebyrregulativet pkt. 4.3(3), jf. plan- og bygningslova   20-1 m, skal rekne gebyr per tiltak, dvs. per nye oppretta grunneigedom. I dette h vet er det oppretta to nye grunneigedomar og kommune legg til grunn at det d  er korrekt   rekne to gebyrar i delingssaka.

Gebyrregulativet pkt. 13.1.1 er også relatert til «etablering av ny grunneigedom» og gebyr skal reknast for kvar eigdom som vert oppretta.

Det er etter dette kommunen sin vurdering at det er korrekt å fastsette gebyr for to saker. Det er ikkje ein særleg grunn for redusert gebyr at søker oppfatter det totale gebyret som høgt.

Sjølvkostvurdering

Et avslag på søknad om skjønnsmessig nedsetting av gebyr kan innebære at gebyret er i strid med sjølvkostprinsippet, jf. Sivilombudsmannen sin uttale i sak 2011/1789.

Sivilombudsmannen støtter sin uttale på sak for Høgsterett, referert i RT 2004 side 1603:

”Utgangspunktet for fastsetting av selvkost er at kommunen kan kreve dekket utgiftene for behandling av den konkrete byggesaken. I dette ligger imidlertid ikke at gebyret må beregnes nøyaktig i hver enkelt sak. Kommunen kan i regulativet legge til grunn gjennomsnittsbetraktninger. Det kunne ellers bli tidkrevende og dyrt å finregne utgifter til behandling av hver enkelt sak.”

Miljøverndepartementet har i sak 2007/02033-2 uttalt seg om Høgsterett sin dom:

”Departementet anbefaler på bakgrunn av Høyesteretts dom at kommunene legger følgende til grunn når de vedtar sine gebyrregulativ for arbeider etter delingsloven:

Kommunen må for det første forsikre seg om at de samlede gebyrinntektene for tjenesteområdet ikke oversiger de samlede kostandene. Departementet antar at kommunen i denne forbindelse med fordel kan basere sine kalkyler på Kommunaldepartementets rundskriv i den H-2140 Nye retningslinjer for berekning av selvkost for kommunale betalingstjenester.

Kommunen må dernest utforme gebyrregulativet slik at gebyret i en konkret sak ikke på en urimelig måte overstiger de faktiske (faste og variable) kostnadene i sakens anledning. Departementet antar at kommunen kan utforme gebyrregulativet med stor frihet på dette punktet, og at det således må foreligge en vesentlig beløpsdifferanse i forhold til de faktiske kostnadene før et gebyr må regnes for å være ugyldig.....”

Vurderinga i det følgjande vil difor vere knytt til om storleiken av gebyret i den aktuelle saka er fastsett i samsvar med sjølvkostprinsippet eller om det ligg føre ein «vesentlig beløpsdifferanse».

Kommunen kan krevje gebyr etter prinsippet om sjølvkost. Det vil seie at det gjennomsnittleg ikkje skal verte kravd inn meir i samla gebyr enn det det kostar å drive forvaltningstenesta. Radøy kommune har ikkje oppnådd sjølvkost på teknisk forvaltning og tenestene er såleis delvis finansiert over det ordinære kommunebudsjettet. Handsaming av søknad om deling etter plan- og bygningslova er mellom dei som har høgast grad av finansiering over driftsbudsjettet.

Berekning av sjølvkost må ta omsyn til alle kommunen sine kostnader relatert til eininga, ikkje bare personalkostnader (lønn + sosiale kostnader) på teknisk forvaltning. I berekninga må inngå andre fast driftskostnader til dømes husleige, strøm, forsikring, rekvisita, kart, andre ikt system og måleutstyr, samt personalkostnader for støttefunksjonar som leiar, sørvistorg/postmottak/arkiv, lønn/personal/økonomi, ikt-drift, politisk utval og møtesekretær.

Ressursar knytt til støttefunksjonar på teknisk forvaltning er fastsatt som følgjer:

STØTTEFUNKSJONAR	
Leiar	0,15
Kart/matrikkel	0,05
Arkiv/sørvistorg	0,1
Løn/personal/økonomi	0,05
IKT/anna	0,05
SUM	0,4

Dei faste gebyrsatsane er gjennomsnittssatsar. I nokre saker vil kommunen ha fleire arbeidstimar enn det gjennomsnittssatsane legg til grunn, og i nokre saker færre arbeidstimar enn det gjennomsnittssatsane legg til grunn. Dette er i samsvar med gebyrheimelen i matrikkellova § 32 og plan- og bygningslova § 33-1.

SJØLVKOST DELING	Ansvar	Est. Tid	Timesats	Sum
Mottak og postføring	Postmottak			
Fordeling	Leiar			
Mottakskontroll	Sakshandsamar	0,25	730	182,5
Stadfesting av mottak	Sakshandsamar	0,25	730	182,5
Saksførebuing	Sakshandsamar	6	730	4380
Leiar kontroll	Leiar og rådmann			
Møteinnkalling	Møtesekretær			
Vedtak	Adm./pol.			
Møteprotokoll	Møtesekretær			
Kontroll	Pol./leiar/sekretær			
Orientering om vedtak	Sakshandsamar	0,25	730	182,5
Oversending for klagevurdering	Saksahandsamar	0,25	730	182,5
Oversending til oppmålingsavdelinga	Sakshandsamar	0,25	730	182,5
	Timer	7,25		5293
	Støttefunksjonar	*0,4		2117
	SUM			7410

Kommunen er samd med søker i at det i delingssaka er fordelar i høve tidsbruk å handsame fleire parsellar samla. Alle utgåande brev i saka vil gjelde begge parsellane. Fire utgåande brev er estimert til 1 time per sak. Spart tid ved samordning vil såleis vere 1 time, kr. 730,-. Tilsvarande vil gjelde for oversending til oppmålingsavdelinga som er estimert til 15 minuttar per sak. Spart tid ved samordning vil såleis vere 15 minuttar, kr. 183,-. Hovudvekten av arbeidet er knytt til saksførebuing og saksframlegg – 6 timar. Den faglege vurderinga vil mått gjerast for kvar parsell. Det ein vil spare i saksførebuinga er tida ved å opprette saksframlegg med standardtekst, oppmelding til møte, oversending til leierkontroll og tilsvarande administrative oppgåver. Dette arbeidet vert estimert til ca. 2 timer. Spart tid ved samordning vil såleis vere 2 timer, kr. 1 460,-. Totalt spart tid ved samordning av sakshandsaming for to parsellar vil vere ca. 3,25 timer, kr. 2 373,-. Kostnadene ved to delingssakar

er estimert til kr. 14 818,-. Av dette vert kr. 10 600,- dekkja gjennom gebyr. Trekk ein i frå spart tid for samordning av to saker med kr 2 373,- (kr. 12 445,-) vil gebyr på kr. 10 600,- framleis vere lågare enn sjølvkost ved delingssaka. Det ligg såleis ikkje føre ein vesentleg beløpsdifferanse. Sjølvkost er rekna ut i frå estimert timeforbruk i ein normal sak. I denne saka er det ikkje tilhøve som tilseier at det har vore vesentleg mindre arbeid med saka enn det som er estimert for ein normal sak.

SJØLVKOST OPPMÅLING	Ansvar	Est tid	Timesats	Sum	Basisgeb.	Tillegb.
Mottak og postføring	Postmottak					
Mottakskontroll	Sakshandsamar	0,25	730	182,5	182,5	
Saksførebuing: Finne partar, rettshavare, kart, målebrevm, grunnbok, mm.	Sakshandsamar	2	730	1460	1460	
Varsel om oppmålingsforretning	Sakshandsamar	1,5	730	1095	1095	
Oppmålingsforretning	Sakshandsamar	5	970	4850		4850
Reise m/forberedelse		1,5	970	1455		1455
Etterarbeid oppmålingsforretning	Sakshandsamar	2	730	1460		1460
Utarbeiding av protokoll	Sakshandsamar	1	730	730		730
Avklaring av rettar og servituttar	Sakshandsamar	1,5	730	1095		1095
Utsending av protokoll	Sakshandsamar	1	730	730	730	
Utsending til part ikkje møtt	Sakshandsamar	1,5	730	1095	1095	
Postføring stadfesta protokoll	Postmottak					
Stadfesta protokoll mottak	Sakshandsamar	0,25	730	182,5	182,5	
Oppretting av matrikkeleining	Sakshandsamar	1	730	730		730
Melding til tinglysingen – utg. brev	Sakshandsamar	0,5	730	365	365	
Postføring retur av tinglyst dokument	Postmottak					
Retur av tinglyst dokument mottak	Sakshandsamar	0,25	730	182,5	182,5	
Oppretting av matrikelbrev	Sakshandsamar	0,5	730	365		365
Utsending av matrikelbrev	Sakshandsamar	1	730	730	730	
Orientering om matrikkelføring	Sakshandsamar	1,5	730	1095	1095	
Fakturagrunnlag	Sakshandsamar	0,5	730	365	365	
Fakturering	Økonomikontoret					
	Timer	22,75		18167,5	7482,5	10685
	Støttefunksjonar	*0,4		7267	2993	4274
	SUM			25434,5	10475,5	14959

For ein oppmålingssak er det med unntak av reisetid og noko førebuande arbeid ikkje tidsmessig gevinst ved å handsama to parsellar på same eigedom. Dei ulike parsellane vil ha ulike partar. Alle utgånde brev vert sendt for kvar parsell. I denne saka har parsellene ingen felles grensar. Spart tid i denne saka er estimert til 15 minuttar mottakskontroll, kr. 183 og 1,5 timer reisetid kr. 1 455,-. Totalt

kr. 1 638,-. For materiell som grensemerker, maling, etc. vil ein heller ikkje ha gevinst for samordning av saker.

Kostnadene ved to oppmålingssaker er estimert til kr. 50 869,-. Av dette vert kr. 48 600 dekkja gjennom gebyr. Trekk ein i frå spart tid for samordning av to saker med kr 1 638,- (kr. 49 231,-) vil gebyr på kr. 48 600,- framleis vere lågare enn sjølvkost ved oppmålingssaka. Det ligg såleis ikkje føre ein vesentleg beløpsdifferanse.

Sjølvkost er rekna ut i frå estimert timeforbruk i ein normal sak. I denne saka er det ikkje tilhøve som tilseier at det har vore vesentleg mindre arbeid med saka enn det som er estimert for ein normal sak. Ingen naboer møtte til forretninga, så arbeid knytt til parter som ikkje møter er reelt for saka. Reisetid har vore høgare enn estimert på grunn av at eigedomen ligg på ein øy med tilkomst med båt. I tillegg er det håndtert ein grenseavtale (naust) for å rydde opp i eit gammalt tilhøve. Det er ikkje rekna gebyr for arbeidet knytt til denne eigedomen.

Det er kommunen sin vurdering at fakturert gebyr er innafor sjølvkost og at det ikkje ligg føre særlege grunnar for å fastsette redusert gebyr i saka.

Vedtak

Klage over gebyr vert å avvise.

Grunngjevinga er at det ikkje er høve til å klage over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret.

Heimel for vedtaket er Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste i Radøy kommune pkt. 4.13, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40.

Vedtak om avvisning er eit enkeltvedtak som det kan klagast over.

Søknad om redusert gebyr vert ikkje innvilga.

Grunngjevinga er at det ikkje ligg føre særlege grunnar for å redusere gebyret, og at gebyr er fastsett i samsvar med sjølvkostprinsippet.

Heimel for vedtaket er lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste for Radøy kommune pkt. 4.12, jf. pkt. 11.1.2 og pkt. 13.1.1 og 13.1.2, jf. plan- og bygningslova § 33-1 og matrikkellova § 32.

Klage:

Både vedtak om avvisning og vedtak om avslag på søknad om redusert gebyr er enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaka kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar teknisk forvaltning Tonje Nepstad Epland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Arly Tingvatn

Gullstølslien 6 5153

BØNES